



Sigmund og Anna Maila Lyngøy
Leknesvegen 173
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykker:
Vår: 16/3390 - 16/29830

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
27.10.2016

Registrert dårleg lokk og manglande dykk på utløp septiktank - gbnr 195/86 Leiknes

Lindås kommune har 21.10.16 motteke melding frå føretaket Jonny Birkeland Transport om dårleg lokk på septiktank på eigedommen gbnr. 195/86, vidare er det registrert at det manglar dykk på utløp frå septiktanken (sjå vedlagde bilete).

Det følgjer av plan- og bygningslova § 28-6 at «Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem». Kravet her gjeld alle opne behaldarar for væske.

Det er eigar sitt ansvar å sørga for at septiktanken til ei kvar tid er sikra. Ein usikra eller dårleg sikra kum kan føra til at menneske eller dyr fell ned i kummen. Lokk på kum må vera utført i solide materialer og vere så tett at ikkje barn kan komme igjennom det, samt vere forsynt med forsvarlig lås eller annet stengsel, slik at det ikke lett kan løftes av eller skuvast til side

I plan- og bygningsloven (pbl) § 31-3 står det blant annet følgende om sikring og istandsetting:

«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulykke for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjemmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene. Blir plikten ikke overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting.»

Septiktanken må sikrast umiddelbart og forsvarleg lokk må monterast. Frist for arbeidet vert sett til 24.11.16.

Forhåndsvarsel om pålegg om sikring og istandsetting:

samsvar med pbl § 32-2 første ledd, vert det med dette gjeve varsel om at bygningsstyresmakta med heimel i pbl § 31-3, vil kunne gjera vedtak om pålegg om sikring av septiktanken ikkje vert utført innan fastsett frist.



Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Manglande dykk på utløp

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Det skal monterast dykk på utløpet frå septiktanken. Frist for arbeidet vert sett 24.11.16.

Tilbakemelding på utført arbeid

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikra septiktanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når det er montert forsvarleg lokk på septiktanken og dykk på utløpet frå septiktanken må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen, ved skjemaet skal det og ligge bilete som syner at det er montert lokk og dykk. Skjema og biletar sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

Bilete

Bilete

Mottakarar:

Sigmund og Anna Maila Lyngøy

Leknesvegen 173 5915

HJELMÅS